

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 14.08.2023
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Ingvild Braut
SAKA GJELD: **Oversikt over høyringar**

ARKIVSAK: 2023/75
STYRESAK: 077/23

STYREMØTE: 06.09. 2023

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Nr.	Saka gjeld	Prosess	Svarfrist
1 e-Helseavd.	<p>Høyring - Målarkitektur for datadeling i digital heimeoppfølging</p> <p>Direktoratet for e-helse gjennomfører ei høyring av dokumentet <i>Målarkitektur for datadeling i digital heimeoppfølging</i>. Dokumentet er relevant for utvikling av datadeling i samband med digital heimeoppfølging og datadeling mellom verksemder.</p>	Vi førebur eit høyringssvar.	29.09.2023
2 Eigaravd.	<p>Høyring - Retningslinje for bruk av reelle journalopplysningar for utvikling og test i lukka miljø</p> <p>Direktoratet for e-helse gjennomfører ei høyring av utkast til retningslinje for bruk av direkte identifiserbare helseopplysningar til utvikling og testing av behandlingsretta helseregister.</p> <p>Retningslinja er meint å gi rettleiing knytt til praktiseringa av ei ny føresegn i pasientjournallova § 11 anna ledd, som gir heimel for å nytte direkte identifiserbare helseopplysningar til slike formål. Retningslinja er relevant for helse- og omsorgssektoren for dei som skal planleggje, vedta eller gjennomføre utvikling eller testing med bruk av helseopplysningar eller andre pasientopplysningar.</p>	Vi førebur eit høyringssvar.	22.09.2023

Nr.	Saka gjeld	Prosess	Svarfrist
<p>3 Fagavd. v/beredskap</p>	<p>Høyring - Plikt til å sørge for beredskapslagring av seks måneders normalforbruk av smittevernutstyr til bruk i helse- og omsorgstenesta</p> <p>Helse- og omsorgsdepartementet har sendt forslag til endring av forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid osv. etter lov om helsemessig og sosial beredskap på høyring. Departementet foreslår at kommunar, fylkeskommunar og regionale helseføretak skal sørge for beredskapslagring av smittevernutstyr tilsvarende seks måneders normalforbruk for helse- og omsorgstenesta i eiga verksemd, eigd verksemd og verksemd som etter avtale yt helse- og omsorgssteinestar til befolkninga.</p>	<p>Vi førebur eit høyringssvar.</p>	<p>01.11.2023</p>
<p>4 Fagavd.</p>	<p>Høyring - Gjennomgang av allmennlegetenesta</p> <p>Helse- og omsorgsdepartementet har sendt rapporten «Gjennomgang av allmennlegetenesta» på høyring.</p> <p>Eit ekspertutvalet vart nedsett 11. august 2022 med formål om å greie ut tiltak for å gjere fastlegeordninga meir berekraftig. Utvalet skulle minimum greie ut forhold knytt til organisering og finansiering av fastlegeordninga, legevakt og kompetanse.</p> <p>Utvalet skriv at vi som samfunn må bli meir opptekne av formålstenleg og effektiv utnytting og prioritering av ressursane i alle delar av helse- og omsorgstenesta framover. Allmennlegetenesta og fastlegeordninga står sentralt i dette.</p>	<p>Vi førebur eit høyringssvar.</p>	<p>23.09.2023</p>
<p>5 MOT-avd.</p>	<p>Høyring - Forslag til endringar i lov og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning</p> <p>Kunnskapsdepartementet har sendt forslag til endringar i lov og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova og fagskuleforskrifta) på høyring.</p> <p>Høyringsnotatet inneheld forslag om tilgang til å søkje om institusjonsakkreditering, ein generell unntaksheimel frå fagskulelova, dispensasjon frå opptakskrav, rett til permisjon frå studia, forbod mot gjengjelding dersom ein student varslar om kritikkverdige forhold og andre endringar i lov og forskrift.</p>	<p>Vi førebur eit høyringssvar.</p>	<p>12.10.2023</p>

Nr.	Saka gjeld	Prosess	Svarfrist
6 Fagavd. Og e- Helseavd.	Høyring om Nasjonal informasjonsmodell for oversensibilitetsreaksjonar (allergi/intoleranse) Direktoratet for e-helse ønskjer å publisere nasjonale informasjonsmodellar for avgrensa bruksområde og tema. Målet er at desse modellane skal gi overordna rammer og føringar for informasjonsinnhald ved samhandling nasjonalt og internasjonalt.	Vi førebur eit høyringssvar.	15.09.2023
7 Fagavd. v/beredskap	Høyring NOU 2023: 16 Evaluering av pandemihandteringa - rapport frå Koronautvalet Justis- og beredskapsdepartementet har sendt rapporten frå Koronautvalet om evaluering av pandemihandteringa på høyring. Kongen i statsråd utnemnde i april 2022 eit utval som skulle evaluere handteringa til styresmaktene av covid-19-pandemien samla sett, og i tillegg evaluere omikronhandteringa i perioden frå 1. november 2021 til 1. mai 2022. Departementet ber spesielt om synspunkt på tilrådingane og læringspunkta frå utvalet.	Vi førebur eit høyringssvar.	16.10.2023
8 Fagavd. v/beredskap	Høyring NOU 2023:17 No er det alvor - Totalberedskapskommisjonen Justis- og beredskapsdepartementet har sendt NOU 2023:17 - No er det alvor - Totalberedskapskommisjonen, på høyring. Totalberedskapskommisjonen vart nedsett ved kongeleg resolusjon den 21. januar 2022. Kommisjonen skulle vurdere korleis dei samla beredskapsressursane kan nyttast best mogleg for å vidareutvikle samfunnstryggleik og beredskap. Mandatet til kommisjonen var mellom anna å gi ei prinsipiell vurdering av styrkar og svakheiter i dagens beredskapssystem. Den skulle vurdere og framme forslag til korleis dei samla ressursane i samfunnet kan og bør innrettast for å vidareutvikle samfunnstryggleik og beredskap, og sikre best mogleg samla utnytting av beredskapsressursane.	Sendt føretaksgruppa. Vi førebur eit felles høyringssvar. Sak til styremøte 4. oktober.	16.10.2023

Nr.	Saka gjeld	Prosess	Svarfrist
<p>9 MOT-avd.</p>	<p>Høyring om innhaldet i ny legespesialitet i palliativ medisin</p> <p>Helsedirektoratet har sendt forslag til innhald i ny legespesialitet i palliativ medisin på høyring.</p> <p>Helsedirektoratet har greidd ut kva ein nyutdanna spesialist skal kunne, i form av forslag til spesialitetsspesifikke læringsmål. I tillegg inneheld høyringsnotatet forslag til nasjonalt anbefalte læringsaktivitetar (kurs og andre læringsaktivitetar).</p>	<p>Vi førebur eit høyringssvar.</p>	<p>15.09.2023</p>
<p>10 Fagavd.</p>	<p>Høyring - Varselutvalets rapport - Frå varsel til læring og forbetring</p> <p>Helse- og omsorgsdepartementet har sendt Varselutvalets rapport «Frå varsel til læring og forbetring, på høyring.</p> <p>Utvalet vart utnemnt i april 2022 for å vurdere varselordningane til Statens helsetilsyn og Statens undersøkingskommisjon for helse- og omsorgstenesta.</p>	<p>Det er sendt inn felles høyringsuttale frå føretaksgruppa.</p> <p>Utkast til høyringsuttale blei sendt til styret på e-post for innspel</p>	<p>31.08.2023</p>